Årsmelding 2025

Human-Etisk Forbund – Indre Sogn lokallag

Innleiing

2025 har vore eit år med avgrensa møteaktivitet, men med solid gjennomføring av seremoniane og tydeleg behov for ny giv i lokallaget. Styret har prioritert å sikre drift, kvalitet i seremoniane og godt samarbeid med regionlaget.

Arbeidet med framtidig organisering vert vidareført i 2026.

Styret og organisering

Årsmøtet vart halde 13. februar 2025 på Quality Hotel Sogndal.

Styret har fungert som eit flatt styre utan formelt fordelte roller.

Styremedlemer:

- Hege Fimreite
- Gro Natvik Henriksen
- Amalie Lykkebø

Varamedlem:

- Kenth Rune Teigen Måren

Valkomité:

- Miriam Kayser Digernes
- Audun Torvaldsen
- Wiggo Hustad

Det vart ikkje valt revisor. Rekneskapen er kontrollert gjennom regionlaget sine rutinar.

Seremoniar – kjernen i arbeidet

Humanistisk konfirmasjon

Det vart gjennomført to fulle seremoniar i Sogndal kulturhus 10. mai 2025 med totalt 24 konfirmantar.

Kulturhuset har 327 plassar per seremoni, og begge var tilnærma fulle. Det deltok om lag 650 gjestar totalt.

Seremoniansvarleg: Gro Natvik Henriksen
Seremonileiar: Hege Fimreite

Utval:

- Kenth Rune Teigen Måren

Kursleiarar:

- Solveig Kvakestad
- Susanne Emilie Jacobsen

Hovudtalar: Ole Ramshus Sælthun

Konfirmasjonen står framleis sterkt i Indre Sogn.

Humanistisk namnefest

Det vart gjennomført to namnefester i Sogndal:

- 15. mars – 4 barn
- 16. september – 1 barn

Totalt: 5 barn

Seremoniansvarleg: Wiggo Hustad
Utval: Erling Birger Haugen

Talar (mars): Hege Fimreite

Gravferd og vigsel

Gravferdstalar i lokallaget: Vibeke Johnsen.

Det vert ikkje ført eigne tal på lokallagsnivå for vigsel og gravferd. I regionen vart det gjennomført 36 vigslar og 2 gravferder i 2025.



Synlegheit og fellesskap

Indre Sogn lokallag deltok aktivt i Sognapride 13. september 2025.

Frukostsamlinga før paraden samla om lag 50 deltakarar. HEF stilte med banner og 20 T-skjorter. Leiar i HEF, Christian Lomsdalen, heldt appell.

Pride-deltakinga er ein viktig del av lokallaget si synlege og verdiforankra tilstadeværelse.



Møteaktivitet og utvikling

Det vart halde eitt styremøte i 2025.

Der vart det arbeidd med:

- lågterskelaktivitetar
- rekruttering av kursleiarar

- vidareutvikling av konfirmasjonstilbodet
- hospiteringsordning for seremoniansvarlege
- planlegging av medlemsmøte og aktivitet i 2026

Lokallaget er representert i regionstyret gjennom Kenth Rune Teigen Måren.
Hanne Marie Sæbø sit i regionstyret og i utvalet for Humanistkonferansen 2026.

Medlemstal

Ved årsskiftet hadde lokallaget 481 medlemer, ein auke på 25 frå året før.

Grunnlaget er til stades. Utfordringa vidare er å omsetje medlemsvekst til lokal aktivitet og deltaking.

Økonomi

Årsrekneskapen for 2025 viser eit underskot på kr 72 984. Underskotet heng saman med overgang til aktivitetsbasert modell for bidragsfordeling, der lag med opparbeidd eigenkapital nyttar eigne midlar før nye bidrag vert tildelt.

Ved årsskiftet hadde lokallaget ein eigenkapital på kr 35 136 og inga gjeld.

Vegen vidare

2025 har vist at seremoniane står sterkt, medan den organiserte møteaktiviteten må styrkjast.

Arbeidet i 2026 vil ha fokus på:

- berekraftig organisering
- rekruttering av frivillige
- lågterskel møteplassar
- styrking av seremonimiljøet

Indre Sogn har eit godt fundament. No handlar det om å byggje vidare.